



## Notat

Dato: 29.04.2014  
Arkivsak: 2014/1032-2  
Saksbehandlar: jonvoll

---

**Til:** Eigarane bak Næringsbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane

---

**Frå:** Jon Erik Vollan

---

### Vedteken notat med endringar - eigarmøte 30.4.2014.

Med utgangspunkt i evalueringsrapporten frå arbeidsgruppa.  
Med bakgrunn i dei drøftingane og innspela som kom fram i møtet med eigarane 2.4.2014 og 30.4.2014, fremjar arbeidsgruppa følgjande punkt til evalueringsrapporten:

#### 7. Tilrådingar vedr. Næringsbarometeret framover:

##### **Samarbeid:**

Partane bak Næringsbarometeret held fram med samarbeidet om Næringsbarometeret ut 2014, med bakgrunn i at arbeidet med januar ar avlagt og arbeidet med mai-utgåva er i gang. Frå og med 2015 tilrådest ei nedtrapping av samarbeidet, jf. punkta under, og at dei fylkesvise partane formelt skil lag etter mai-utgåve i 2014.

##### **Organisering**

Hordaland fylkeskommune held fram som avtalepart ovanfor konsulent i 2014 og i 2015, jf. punkta i dette notatet.

Sogn og Fjordane peikar ut eiga prosjektansvarleg/ fakturamottakar på vegne av partane i deira fylke gjeldande frå og med 2015.

##### **Budsjett og finansiering**

Det tilrådest at partane held fram samarbeidet om budsjett og finansiering i 2014.

Det tilrådest vidare at partane skil økonomisk lag frå og med 1.1. 2015.

Utgifter til bedriftsundersøkinga hausten 2014 vert finansiert i høve budsjett- og finansieringsplan 2014.

##### **Oppdragsavtalen med konsulent – Endringsforslag:**

Det tilrådest at partane i både fylka held fram med innløysing av siste opsjon i oppdragsavtalen, om forlenging av avtalen med konsulent i 2015.

Konsulent fakturerer fylkesvis for deira arbeid med dei fylkesvise barometer i 2015.

Det tilrådest at Jostein Ryssevik/ Malin Dahle (Ideas2evidence) vert konsulent for Hordalandsbarometeret frå og med hausten 2014.

### Nettløysinga

Det tilrådest at Hordaland fylkeskommune held fram som ansvarleg for drift av nettløysinga i 2014 og 2015 på vegne av alle. Sogn og Fjordane vert fakturert for halvparten av driftskostnadane, og for halvparten av akkumulert timeforbruk og utviklingstiltak knytt til nettløysinga i 2015.

Eigetilhøve til namnet Næringsbarometeret og domena [www.naringsbarometeret.no](http://www.naringsbarometeret.no) og [www.næringsbarometeret.no](http://www.næringsbarometeret.no) må eigarane forhandle om innan 2015.

### Bundne næringsfond

Det tilrådest at midlane som partane har på bundne næringsfond vert fordelt mellom partane etter prosentvis fordeling i høve finansieringsmodellen. Den fordelte andelen av bundne næringsfond til Sogn og Fjordane, tilrådest overført til prosjektansvarleg Sogn og Fjordane fylkeskommune. Endeleg utbetaling vert utført hausten 2014 eller i 2015.

Forslag til fordeling i høve finansieringsmodellen: (\*syner tal pr.30.4.2014):

		Fordeling	%
NAV Sogn og Fjordane		81 544	7,8 %
NAV Hordaland		163 088	15,6 %
Hordaland fylkeskommune		297 950	28,5 %
Sogn og Fjordane fylkeskommune		163 088	15,6 %
Innovasjon Noreg (begge)		272 860	26,1 %
NHO Sogn og Fjordane		33 454	3,2 %
NHO Hordaland		33 454	3,2 %
SUM (pr 30.4.2014)		1 045 439	

Summen vil kunne aukast/reduserast i løpet av 2014 i høve til forbruk.